

# BOKN BYGDABLAD

NR. 2 - MARS 1993 - ÅRG. 8

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR


## STOR FOLKEAUKE I BOKN I 1992

Bokn på topp i fylket med 3% i  
1992

I følgje Stavanger Aftenblad var Rogaland det fylket i landet som hadde størst prosentvis folketalsauke i 1992. I løpet av året auka folketallet her i fylket med 4750 i fjor eller 1,4%, medan gjennomsnitt for landet var 0,6%. I Rogaland bur det nå 346.574 personar, og fylket er det 4. folkerikaste i landet etter Oslo, Akershus og Hordaland.

Her i fylket var det kommunane på Nord-Jæren i tillegg av Bjerkreim og Bokn som hadde den prosentvis største auken. Faktisk var Bokn på topp med 3% auke. Sjølv sagt slår ikkje dette så stort ut i antal personar i ein så liten kommune, men ein netto auke på 22 i Bokn merkast. Folketalet ved årsskiftet i Bokn var på 760, og det har også i ettertid gått noko opp.

Bokn er den einaste kommunen i Nordfylket som har hatt folketalsvekst over gjennomsnittet, og det synes merkeleg at ein vekstcommune som Tysvær har hatt ein nedgang på 30 personar i 1992.



## Folketalet ved årsskiftet

Her er folketalet i Rogalands-kommunene, Sirdal og Flekkefjord pr. 1.januar 1993 (auke/nedgang siste året i parentes):					
Eigersund	12 634	(139)	Forsand	1027	(20)
Sandnes	46 862	(1159)	Strand	9596	(58)
Stavanger	101 463	(1655)	Hjelmeland	2789	(-33)
Haugesund	28 380	(274)	Suldal	4114	(7)
Mandal	3493	(7)	Sauda	5289	(5)
Lund	3082	(23)	Vindafjord	2794	(-24)
Bjerkreim	2439	(66)	Reanesøy	2596	(30)
HÅ	13 037	(-30)	Kvitsøy	480	(-2)
Klepp	12 204	(251)	Bokn	760	(22)
Time	12 304	(59)	Tysvær	8021	(-30)
Gjesdal	7845	(163)	Karmøy	35 546	(392)
Sola	16 755	(380)	Utsira	222	(-3)
Randaberg	7943	(187)	Vindafjord	4899	(22)
			Heile Rogaland	346 574	(4750)
			Flekkefjord	8780	(37)
			Sirdal	1738	(10)
			Heile Vest-Agder	147 158	(1207)

## BOKN KOMMUNE IKKJE DÝR I DRIFT

Løns- og personalstatistikken til Kommunenes Sentralforbund gir ikkje rett bilde av effektiviteten i kommunane.

Haugesunds Avis hadde den 15. februar oppslag om "effektivitet" i kommunane i Nord-Rogaland og søre del av Hordaland. Denne oversikta er utarbeidd på grunnlag av Kommunenes Sentralforbund sin løns- og personalstatistikk, og grunnlaget var for ca. halvtanna år sidan. Talgrunnlaget omfattar antal kommunale arbeidstakarar i faste forpliktande arbeidsforhold. Ut frå statistikken kjem Bokn kommune ut med 51.7 stillingar pr. 1.000 innbyggjarar, og kjem såleis ut som ein av dei minst "effektive" kommunane i distriktet.

Rådmann Jan Erik Nygaard seier til bygdabladet at statistikken på ein eller annan måte er feil. Ved å rekna over antal tilsette i Bokn kommune på det aktuelle tidspunktet kjem han fram til at det var rundt rekna 30 årsverk. Det vil seia rundt 40 årsverk pr. 1.000 innbyggjarar. Slik sett ligg Bokn kommune omtrent på linje med "effektiviteten" i t.d. Haugesund, som har 38,6 årsverk pr. 1.000 innbyggjarar.

Rådmann Jan Erik Nygaard trur at noko kan forklaraast ved at Bokn kommune har tatt på seg arbeidsgjevaransvar for veterinærar som arbeider i fiskeoppdrett i heile distriktet. Desse veterinærane er ikkje knytt til arbeid for Bokn kommune, men private oppdrett. I det aktuelle tidsrommet var det 2 årsverk i denne tenesta som var registrert på Bokn kommune. I

tillegg seier rådmannen at 4 lærlingar i helse- og miljøfag i Bokn kommune er medrekna som tilsette i kommunen. Dette vil slå noko skeivt ut, fordi desse ikkje er fast tilsette, men er lærlingar i ein avgrensa tidsperiode.

Ei anna sak som ikkje er kome fram i Haugesunds Avis sin omtale, er at det fins ein del kommunar som har mange private barnehagar kor bemanninga ikkje er kome med i oversikta. Dette er med på å gi eit feil bilde av situasjonen for nokre kommunar.

Ut frå dei tala som rådmannen meiner er rette når det gjeld tilsette i Bokn kommune, vil altså Bokn liggja nokså bra an, og er såleis tåleg bra "effektiv".

## ÅRSMØTE FOR POLITISKE PARTI

Tre av dei politiske partia i Bokn har hatt årsmøte. Bygdabladet har referat frå desse, og vil koma tilbake med referat frå arbeiderpartiet sitt årsmøte når det ligg føre.

## BOKN SENTERPARTI

hadde årsmøte den 13. november 1992. I årsmeldinga heiter det at partiet sentralt har hatt ein framgang sett ut frå meiningsmålingane, som särleg

grunngis med EF-saka. Vidare gjorde partiet eit godt lokalval i 1991, der partiet fekk både ordførar og varaordførar, medan Krf. med berre to representantar i kommunestyret fekk hjelp til å få medlem i formannskapet.

Partiet har møtt med 6 medlemmer på årsmøtet i Fylkeslaget i 1992.

Det har vore i gong studieringar lokalt. Ein om Sp sin virksomhetsplan og ein om Sp sitt program for neste stortingsperiode.

Senterpartiet hadde ein vervekampanje i 1992, og fekk 11 nye medlemmer. Medlemstalet er nå 42.

Styret har i 1992 hatt 3 medlemsmøte saman med kommunestyregruppa, og det har vore 1 medlemsmøte.

Styret har i 1992 vore samansett slik:

Bertha Våge, (kass.), Wenche L. Havikbotn, Annbjørn Bokneberg, Alf Alvestad, Anne Marie Medhaug (nestleiar) og Sigvart Våga (leiar).

Sigvart Våga held fram som leiar. Til nestleiar vart attvald Anne Marie Medhaug. Til styremedlemmer vart Alf Alvestad, Rune Vatnaland og Osmund S. Våge valde.

#### BOKN HØYRE

hadde årsmøte 28. januar 1993. Årsmelding og rekneskap vart samråystes vedtatt.

Det har vore 4 styremøte i 1992.

Det har også vore gruppemøte før kommunestyremøtene.

#### Val av styre for 1993:

Leiar: Ingvar Alvestad  
Nestleiar/kass.: Svein Ove Alvestad  
Sekr.: Olav L. Rossebø  
Styremedl.: Ingebjørg Larsen  
Tore Øvrebø

Saker som har vore arbeidd med i 1992:

- Grendahus/idrettshall
- Utbygging av sjukestova
- Spørsmål om klargj. av tomter i byggefelt v/ Knarholmen
- Arb. for betre utnytting av kapasiteten i barnehagen
- Betra forholda for Fritidsklubb/Diskoteket

#### BOKN KRF

hadde årsmøte på Boknatun den 3. februar 1993.

Desse sakene var føre:

Årsmelding/rekneskap som vart godkjend. Det var val av leiar, 2 styremedlemmer og 2 varamedlemmer.

Leiar, styre og varamedlemmer vart attvalde med unntak av Eli Kro som sa fra seg attval. Nytt styremedlem er Harry Vågshaug.

Leiringa i Krf. er nå:

Leiar: Sverre Øvrebø  
Nestleiar: Sigurd Johnny Svendsen  
Kasserar: Gunvor Øvrebø  
Sekretær: Ingrid Blikshavn  
Studieleiar: Harry Vågshaug  
Varamedlemmer: Marie Vågshaug og Svanhild Alvestad.

## NY KOMMUNESTRUKTUR

### BOKN MED I ORGANISASJON FOR VURDERING AV KOMMUNESTRUKTUREN I NORGE

10 kommunar i Indre Østfold har tatt initiativ til å danna ein midlertidig organisasjon som skal vurdera kommunestrukturen i Norge på kommunane sine premissar.

I eit brev til kommunane skriv Samarbeidsutvalget for kommunane i Indre Østfold at det er kritisk til den såkalla Christiansen-komiteen sine konklusjonar om ei storstilt samanslåing av kommunar i Norge. Ein meiner at innstillinga kan betraktast som staten si vurdering av kommunestrukturen i Norge, og at kommunane i Norge bør gå saman om å vurdera kommunestrukturen på kommunanen sine premisser.

Bokn formannskap vedtok i møte den 16. februar å slutta seg til den midlertidige organisasjonen for vurdering av kommunestrukturen i Norge. Ordførar og rådmann skal representera Bokn kommune. Prisen for å ta del i utvalet, kr. 10.000,- vart løyvd av formannskapet.

Formålet med organisasjonen skal vera:

1. Gjennomgå Christiansenutvalet si utreining.
2. Gjera seg opp ei meining om kommunestrukturen i Norge.
3. Marknadsføra standpunktet sitt før stortingsvalet 1993.
4. Danna grunnlag for kommunen sin uttale ovafor Kommunaldepartementet.

## HELSESTASJONEN INFORMERER

Hib. - vaksine mot Haemophilus influensa type B.

Kvart år har ein i Noreg 200 tilfelle av hjernehinnebetennelse eller anna alvorleg sjukdom forårsaka av hib. Minst 75% av dei som vert sjuke er under 5 år. Nå har helsestasjonen vaksinert sidan november -92. Vaksinen gir lite biverknader. Helsestasjonen kan tilby alle born under 3 år eller fødd etter 1. november 1989 gratis vaksine.

De kan møte opp ein tirsdag

mellan kl. 09 og 11.30.

Elles kan vi tilby hib-vaksinasjon til alle dei som vil vaksinere borna sine. Det er spesielt aktuelt for born mellom 3 og 5 år. Men til born eldre enn 3 år må foreldra sjølv betala vaksinen. Vaksinen kostar ca. 150 - 180 kr. Ta kontakt med helsestasjonen, så skal vi bestille vaksine.

Helsing frå helsestasjonen  
Marie



# BOKN FOLKEBIBLIOTEK

## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30  
ONSDAG : 16 - 19.00  
TORSDAG: 10 - 13.30

## LESETIPS FOR FEBRUAR

### VAKSNE

Boumaaza, Nicole:  
Et hav imellom oss

Faludi, Susan:  
Det store tilbakeslaget

George, Elisabeth:  
Dødens ansikt

Olden, Asgeir:  
Jon Eikemo...trur eg

Skagen, Fredrik:  
Å drepe en sangfugl

### BARN OG UNGDOM

Christensen, Lars S.:  
Gutten som ville være en av gutta

Hagerup, Klaus:  
I går var i dag i morgen

Hovland, Ragnar:  
Ein motorsykkel i natta

Larsen, Britt Karin:  
Alexanders hemmelighet

Waddel, Martin:  
Sover du ikke Veslebjørn

### KJERE BOKVENNER

SJÅ ETTER I BOKHYLLA DI,  
KANSJE DU HAR BØKER DU  
SKULLE VORE ATTENDE MED ?



## MILJØVERNLEIAR I BOKN

Nå har også Bokn kommune fått miljøvernleiari ! Olaug Askeland tiltrådte i 1/2 stilling som miljøvernleiari i midten av januar.

Det har i fleire år vore ei prøveordning med kommunale miljøvernleiatarar fleire stader rundt omkring i landet. Frå 1992 fekk alle kommunane i landet tilbod om statlege lønnsmidler til slike stillingar. Førebels gjeld ordninga ut 1994.

Olaug Askeland er opprinnelag frå Vikedal i Vindafjord kommune, men har også nær tilknytning til Tysvær der slekta kjem frå. Ho er utdanna ved Telemark Distrikthøgskule, 3-årig natur- og miljøvernslinje, og har også hospitert ved Landbrukskulen på Ås. Ho har tidlegare arbeidd i Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd og med landbruksforureining hos Fylkesmannen i Buskerud. I tillegg til den miljøfaglege bakgrunnen er ho gartnar og har praksis frå planteskule/hagesenter.

### OGSÅ BOKN KAN BY EIN MILJØVERNLEIAR PÅ MANGE UTFORDRANDE OPPGÅVER !

Bokn er liten i utstrekning, men har likevel stor variasjon i landskap, flora og fauna. Dette er noko som eg som innflyttar set pris på, og er med å gjer Bokn til ein fin plass å bu !

At tidlegare generasjonar har meint det same syner dei mange fornminna kommunen har. Bokn er jo faktisk ein av dei kommunane i landet som har flest fornminner pr. kvm.

Ca.130 synlege fornminner frå før reformasjonen, samt mange minnerike kulturminner frå seinare tider. Dette er ein verdifull arv som kan fortelje mange spennande historier om forfedrane til Boknaren. Fornminner, kulturminner og kulturlandskap er også ein del av miljøvernsarbeidet.

Eit av hovudsiktemåla med opprettiging av kommunale miljøvernleiari-stillingar er å styrkja ivaretakinga av miljøvernomsyn i alle sektorar i den kommunale kvardagen. Kommunane skal i løpet av perioden utarbeida eit samla miljøprogram som skal behandle sentrale miljøvernsoppgåver dei einskilde kommunane har. Naturleg nok vil mange av dei konkrete arbeidsoppgåvene dreie seg om forvaltning av naturressursane kommunen har.

Innan viltforvaltninga har kanskje hjorten og rådyret størst lokal interesse. Men Bokn har også viltbestandar med nasjonal verne-interesse som hubro og oter. Ein varriert fauna og også flora er med og gjer samfunnet rikt, og kan gi deg flotte naturopplevingar som styrkjer både sjel og sinn !

Bokn har mange fine innlandsvatn og vassdrag. Mange av desse vatna er gode, produktive fiskevatn. Kva med ein avstressande tur med fiskestonga når auren og røya byrjar å bli lysten på å bite rundt påsketider ? Interessa for fritidsfiske er aukande, og for fiskeintresserte tilreisande er alle vatna og landskapet Bokn kan by på av stor interesse. Enkle tilretteleggingstiltak og samarbeid mellom grunneigarar og kommunen kan gjere det lettare for både tilreisande og fastbuande å drive fritidsfiske, samt medverke til å unngå konflikter.

Vatna er ein ressurs på fleire måtar, som drikkevatn, til industribruk og i landbruksamanheng. Best mogleg bruk av ressursane krev også god oversikt og kontroll med moglege forurensingskilder.

Frå 1/1- 93 vart kommunen medlem av Toraneset renovasjonsselskap. På avfallsektoren er det mykje som har skjedd og er i ferd med å skje. Dei fleste innser at "bruk og kast" er haldninga vi må arbeide oss vekk ifrå.

På kaien i Føresvik står containerar for innsamling av glass og papir til resirkulering. Bruk dei ! Kommunen ynskjer også å oppmuntre til "miljøbevist spebarnsstell" og startar utdeling av "startpakkar" med tøybleie til alle nyfødde boknarar i 93.


Spesialavfall som spillolje, bilbatteri, plantevernmidler, malingsrestar o.l. må du førebels levere direkte til Toraneset (gratis- om ikkje for store mengder). Vi vonar å få i stand ein communal innsamlingsstasjon for spesialavfall om ikkje altfor lenge. Brukte møblar, syklar, bøker, barnevogner osv. osv. kan du levere til "gjennbruksrommet" på Hognaland. Sjå annonse annan stad i bladet.

Ei av dei store utfordringane på avfallssektoren framover er korleis ein best skal handsame det organiske avfallet. I hushaldningane er mellom 30-50 % organisk avfall frå kjøkken og hage. På avfallsplassen er dette med og skapar hygieniske problem i tillegg til danning av metangass som er med og forsterkar drivhuseffekta/bidreg til klimaendringar. Dette avfallet er ei ressurs som kan nyttast til for til dyr eller komposterast og bli til næringsrikt jordforbetringssittel. I staden for å gå til innkjøp av dyre gjødsel- og jordforbetringssittel kan du lage dette sjølv og samtidig spare miljøet ! Meir om dette temaet kjem i neste bygdeblad.

Dette var nokre tankar eg gjer meg som nyinnflytta til Bokn og litt av det miljøvernleiaren elles er oppteken av for tida. Eg er takksam for alle innspel folk ynskjer å komme med. Ikkje alt som dreier seg om miljø er miljøvernleiaren sitt arbeidsfelt, men eg kan evt. formidle kontaktar vidare.

Olaug Askeland

miljøvernleiar



# Barn og språk

Invitasjon til møte om  
språkstimulering

Foreldra er småbarna sine viktigaste språklærarar. Men veit alle foreldre nok om barn og språkutvikling?

No vil helsesøster, skulen og PPT gje foreldra eit tilbod på dette feltet. Dei vil invitere foreldra til barn fødde i 1989, 90 og 91 til eit møte om språkutvikling. Og dei vil gje desse foreldra eit hefte om barn og språk.

På møtet vil det bli gitt ei orientering om kva foreldra kan gjere for å gje barnet ei best mogleg språkutvikling. Det vil bli høve til å stille spørsmål og utveksle erfaringar.

Heftet foreldra får har undertittelen "Korleis kan foreldra hjelpe barna med språkutviklinga?". Det er laga av Ingolv Austad ved Senter for leseforskning i samarbeid med Tora Liv Thorsen frå Forsand kommune.


Heftet tek opp mange emne knytt til språkutvikling. Som døme kan nemnast:

- dei første orda
- ein dialekt veks fram
- baby-språk er naturleg
- bør vi retta på barnet når det gjer feil?
- er du uroleg for språkutviklinga?
- "mange vegar fører til Rom"
- positive haldningar er viktig

Dato for møtet er ikkje fastsett enno, men dei foreldra det gjeld vil få direkte invitasjon frå helsesøster.

Skulen vurderer dette som eit viktig tiltak for å gje barna eit best mogleg språkleg startgrunnlag. For skulen og for livet.

Ein reknar med at det kan bli aktuelt å gjere framlegg overfor skulestyret om at dette kan bli eit tilbod som kjem kvart år.




## RØYKVARSLER!

Røykvarsleren gir falsk trygghet hvis batteriet er tømt.

Husk å teste røykvarsleren 1 gang pr. måned.

Brannsjefen



## FLYTTING AV LEIKEPPLASS

Småbarnsforeldre i Foresvik har i eit brev til Bokn kommune tatt opp spørsmålet om flytting av eksisterande leikeplass til eit område lengre nord kor det i dag er planar om bygging av fleire bustader.

I brevet skriv foreldra at at med den omlegginga som har vore foretatt av vegkrysset ved leikeplassen, er han delvis blitt flytta opp på ei høgd med bratt side ned til veg. Dei meiner også at det framtidige behovet for leikeplass i området vil vera lengre nord kor det nå blir bygd nye bustader, og kor småbarnsforeldre flyttar inn. Då vil dei små ungane som bur i nordre del av byggefeltet sleppa å kryssa tilførslevegen til Boknatun for å gå på leikeplassen.

## FRIITT SAL AV ØL?

Steinar Alvestad og Bokn Handelslag har søkt Bokn kommune om løyve til sal av øl i skatteklasse 2.

Før kommunestyret avgjer saka, skal det i fylgje Lov om omsetning av alkoholholdig drikke (alkoholloven av 1989) §1-7 innhentast uttale frå helse- og sosialstyret og politiet.


I dag driv begge ovannemnde butikkar formidlingssal av øl frå bryggeri til forbrukar i kassar.

Etter alkoholloven §6-4 kan kommunestyret vedta at handlande eller bryggeriagent ikkje skal kunna formidla sal av øl til forbrukarar utan løyve. Etter det ein kjenner til er dette ein bestemmelse som kom med den nye lova.



# PERSONKORT

Gjør det enklere når du skal betale



- Betalingskortet med flest bruksmuligheter både hjemme og på reiser i Norge og i utlandet.
- Personkort er tilknyttet Visa – verdens mest omfattende kortsystem.
- Bankkort på baksiden gir fullverdig legitimasjon i kortet.
- God økonomisk oversikt.
- Gratis ut året



## ÅRSMØTE I BOKN RØDE KORS

Oversikta over aktivitetar som Bokn Røde Kors har hatt i 1992, viste dei som møtte opp på årsmøtet den 11. februar at organisasjonen driv aktivt.

Dei hadde sin årlege basar i mars 1992 kor dei m.a. lodda ut ein båt som var gitt av

hjelpekorpsset, og ein bunad gitt av besökstenesta.

17. mai hadde Røde Kors vakthald ved folkefesten og kiosk om dagen.

Vidare har dei hatt sal av skrapelodd på Arsvågen heile året.

Dei har hatt ei beredskapsøving saman med Bokn kommune og beredskapsutvalet.

Røde Kors arrangerte tenning av julegran første sundag i advent ved Boknatun med etterfylgjande arrangement på Bokn skule. Alle innkomne midlar gjekk til Jugoslavia.

Julemassa er blitt tradisjon med fint frammøte.

Bokn Røde Kors har i 1993 hatt driftsinntekter på kr. 122.000. Driftstgiftene har vore på kr. 114.000.

På årsmøtet vart det overrekt blomster til dei som gjekk ut av styret.

Nytt styre i lokalforeninga:

Formann: Astrid Almås

Sekretær: Ingrid Jøsang

Styremedl: Marianne Øvrebø, Ingvild Sæbø, Marit E. Våge.

Varamedl: Solveig V. Ørjansen

Hjelpekorpsset:

Korpsleiar: Per Helge Sunde

Operativ leiar: Jon A. Aksdal

Adm.leiar: Torleif Tollaksen

Styremedl: Johannes Nilssen, Kjell Frode Lie, Henry Åsgeir Håvardsen,

Varamedl: Trine Grønnestad

Besökstenesta:

Formann: Kari Våge

Nestformann: Astrid Almås

Styremedl: Solvor Våge

Varamedl: Torunn Vila, Berit Are

## INNBROT PÅ SKULEN

Natt til fredag den 26. februar var det uvedkomande som hadde tatt seg inn m.a. i administrasjonsdelen på Bokn skule. Det er tatt frimerker og ein CD-spelar. Nokre dører er brotne opp inne i skulen.



## FASTEAKSJONEN

**150** KRONER

skaffar ein tørkeramma

familie i Eritrea mat

i ein månad

POSTGIRO

**100**

BANKGIRO

DI GAVE TIL MENNENKE I NÅD



Send ditt  
bidrag til



KIRKENES  
NØDHJELP

POSTBOKS 4544 TORSHOV, 0404 OSLO

**SEMINAR/FERIE  
FOR ELDRE**

Har nokon lyst å reisa på  
Norske Kvinners  
Sanitetsforenings  
seminar/ferie for eldre? Det  
er lenge sidan nokon frå Bokn

har vore med. Opplegget pleier  
å vera noko ein hugsar lenge.  
Interesserte kan venda seg til  
Reidun Grønnestad eller Inger  
Sønnøve Bokneberg som også kan  
gi opplysningar om pris.



**NORSKE KVINNERS SANITETSFORENING  
ROGALAND KRETS**

Seminar/ferie for eldre på Kronen Gaard,  
10. - 15. mai 1993.

**PROGRAM**

Mandag:	kl 13.00	Frammøte. Registrering. Middag.
	- 14.00	Apning v/ ordfører.
		Dagl. leder Kronen Gaard.
	- 15.00	Kretsform. Marit Hegre hilser fra kretsen.
	- 18.00	Kaffe / te.
	- 19.30	Kveldsmat.
		Kveldsunderholdning.
Tirsdag:	kl 08.00	Frokost.
	- 09.30	Blosteroppsettning v/ Solveig Larsen.
	- 11.00	Foredrag v/ Reidar Skarung.
	- 13.00	Middag.
	- 15.00	Kaffe / te.
	- 16.00	Ord for dagen v/ Torleif Kvitno.
	- 18.00	Kveldsmat.
	- 19.30	Bingo. Ordet fritt.
Onsdag:	kl 08.00	Frokost / nistepakke.
	- 09.30	Tur. Tilbake ca kl 15.00.
	- 18.00	Middag.
	- 19.30	Kveldsunderholdning.
Torsdag:	kl 08.00	Frokost.
	- 09.30	Trim v/ Thora Dyngen.
	- 10.30	Bruk og misbruk av medisiner v/lege Ingund Svendsen Rød.
	- 13.00	Middag.
	- 15.00	Mannekengoppvisning v/ Stenvåg/Jensen.
	- 18.00	Kveldsmat.
	- 19.30	Kveldsunderholdning.
Fredag:	kl 08.00	Frokost.
	- 09.30	Trim V/ Thora Dyngen.
	- 10.00	Trygderettigheter v/ repr. fra trygde-etaten.
	- 13.00	Lunsj.
	- 15.00	Kaffe / te. Trekning av basaren.
	- 18.00	Festmiddag.
	- 19.30	Underholdning.
Lørdag:	kl 08.00	Frokost.
	- 09.30	Pakke koffertene.
	- 10.30	Oppsummering. Avslutning. Avreise m. buss.

TIL SALGS:

Skjellsand kr. 110,- pr. 7 hl.  
utkjørt.

Har og sand, singel og grus.

Jakob Ullenes, 4150 Rennesøy,  
tlf. 04 51 32 87  
mobil 060 70873.

ØNSKES KJØPT

Brukt sportsvogn ønskes kjøpt.  
Tlf 04 47 86 54

UTLEIE TIL  
TYSKE TURISTER

Ønsker De å leie ut Deres  
hytte, hus eller båthus nær  
sjøen til tyske turister?

Henvend Dem til:

IMS FERIENHAUSER  
D- 2121 BRIETLINGEN, TYSKLAND

eller

tlf. 095 498131 84230  
Fax: 095 498131 54083

TRAFIKKAUKE I  
BOKNAFJORDSAMBANDET

Statistikken for Boknafjordsambandet for januar 1993 viser at trafikken totalt sett mellom Mortavika-Arsvågen og Mortavika Skudeneshavn har gått opp 2,4% i forhold til januar 1992 då endepunktet i sør var Mekjarvik. Dette er litt oppsiktsteknende når ein veit kva problem det var i januar i år i samband med uveret og mange kanselleringar. Det bekreftar ein trend som viser at Boknfjord-sambandet aukar, medan Midtsambandet har nedgang, også i januar 1993.

Isolert sett er det ferjestrekninga over Bokn som har stor auke (13,88%), medan trafikken over Skudeneshavn har hatt ein nedgang i januar på ca. 45% i forhold til januar 1992.

NY KOMMUNELEGE

Audun Tønnesen er tilsett som ny kommunelege I i Bokn. Han vil tiltre stillinga i månadsskiftet mars/april. I tillegg til funksjonane som kommunelege I i Bokn vil han vera tilsynslege ved Bokn sjukestove og ha funkssjonen som lege ved helsestasjon/skulehelseteneste. Stillingsandelen i Bokn er 3/5.

I tillegg vil Audun Tønnesen ha 2/5 stilling som kommunelege II i Tysvær kommune. Dette er i samsvar med samarbeidsavtalen om visse helsetenester mellom Bokn og Tysvær.

Den nye kommunelegen vil saman med familien busetja seg i Bokn kommune.

VEGLYS

Bokn formannskap gjorde den 5.februar vedtak om å be teknisk sjef laga til ein søknad til Vegsjeften om veglys på riksveg 1 over Bokn. Etter det Bygdabladet kjenner til, ynskjer ein primært opplyst veg frå og med avkjørselen ved Knarholmen til

og med avkjørselen på Austre Bokn. Som kjent var det i dei opprinnelige planane påtenkt lys på Boknasund Bru, men dette vart det ikkje noko av p.g.a. at kostnadene ved å sikra tunnelen gjennom Håklepp gjorde at det ikkje var midlar att til lys over bruha.



## BOKN KOMMUNE

TELEFON (04) 74 85 00 — TELEFAX (04) 74 86 90  
4290 BOKN

### STØTTEKONTAKT AVLASTAR BESØKSHEIM

Sosialkontoret/barnevernet i Bokn kommune treng personar med overskot og kapasitet til oppgåver som støttekontakt og avlastningsoppgåver i eigen heim. Me har også behov for besøksheim.

Interesserte kan bu i Bokn eller i distriktet omkring.

Send søknad til Bokn sosialkontor, 4290 Bokn, eller ring 04 74 85 00 og få nærmere opplysningar om arbeidsområde og løn/godtgjering.

### ÅRSMØTE I SANITETEN

Bokn sanitetsforening skal ha årsmøte på Boknatun onsdag 10. mars kl. 19.30.

Me får besök av Frakkagjerd Blomster og Gaver som skal demonstrera oppsetjing av friske og tørka blomster.

Elles blir det val. Dei som stiller til val er spurde på førehand.

Saker av interesse for sanitetsforeninga bes gitt til styret som er åpne for forslag.

Styret.

### DAMEFOTBALL

14 damer møtte opp første treningskveld for damefotballaget som nå er starta i Bokn. Fleire enn dei 14 hadde meldt interesse og vil nok dukka opp etter kvart. At det var såpass interesse for dette var vel litt uventa - men desto meir gledeleg.

Steeven Høyland skal vera trenar for damefotballen.

### BRUKTBÚ PÅ HOGNALAND

I lagerbygget som kommunen leiger av Bokn Bygg på Hognaland kan du frå 1.mars levere gamle møbler, kler, syklar, barnevogner, bøker og elles andre ting du ynskjer å bli kvitt, men som er i ein slik stand at kanskje andre kan sjå nytten i. Fretex (Frelesesarmeens bruktbutikk) vil tømme rommet med jamne mellomrom for det dei kan nytte.

Åpningstid:

tirsdag 18.30 - 20.00

laurdag 09.00 - 12.00

første onsdag i mnd.:

13.00 - 15.00

### "STARTPAKKE"

Nyfødde boknarar blir oppfordra til å spare miljøet !

Alle som har småbarn som brukar bleier veit at bleiene tek opp ein svært stor del av søppelposen du kastar kvar veke.

Eit barn produserar ca. 1 tonn bleiesøppel i løpet av den perioden barnet brukar bleier ! Ved å bruke tøybleier sparar du samfunnet for søppel og deg sjøl for kostnader. Sjølv om vaskemaskinen må gå litt oftare, viser det seg at bleiekostnadene for småbarnsfamiliane kan gå ned med minst 50 %.

Alle nye små boknarar i 93, vil få ein "startpakke" av helsesøster,- med formsydde bleier og bukse, samt ein oppfordring om å bruke tøybleier framfor bleier av papir.



# BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE  
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

## "ASKEPOTT PÅ DISCO"

DRAMA-GRUPPA I MUSIKKSKULEN HAR GLEDA AV Å INVITERE TIL FORESTILLING PÅ DETTE STYKKET LAURDAG 13.3 KL. 15.00 PÅ BOKN SKULE.

"ASKEPOTT PÅ DISCO" ER EIN MODERNE VERSJON AV DET KLASSISKE EVENTYRET OM ASKEPOTT. DET ER RIKARD SEEBERG ANDRESEN SOM HAR SKRIVE STYKKET.

**DU ER HJARTELEG VELKOMMEN !**

Gratis entré.

### HJELP TIL DEI VOLDTATTE OG MISHANDLA KVINNER I BOSNIA

Senterkvinnene i Bokn set ut innsamlingsbøsser på butikkane og på Arsvågen for å samla inn pengegåver til dei voldtatte og mishandla kvinnene i Bosnia.

Bøssene vil stå frå 5. - 8.mars

## PÅSKEKANTATE

MUSIKKSKULEN HAR GLEDA AV Å INVITERE TIL TRYGVE BJERKRHEIM OG MONS LEIDVIN TAKLE SIN PÅSKE-KANTATE, "EIN EVIG PÅSKEDAG" I BOKN KYRKJE SUNDAG 28.3 KL. 15.00

DEN NOSTALGISKE BØLGA HELD FRAM. BOKN BARNEKOR HAR TIDLEGARE FRAMFØRT KANTATEN 2 GONGER. NO VIL "GAMLE" BARNEKOR-MEDLEMMER SAMAN MED EIT ORKESTER GÅ GJENNOM PÅSKE-EVANGELIET I TEKST OG TONAR.

DENNE GONG VIL OGSÅ FINN BÅRDSEN VERE MED OSS, OG ALT LIGG TIL RETTE FOR EI FIN HØGTIDSTUND I KYRKJA DENNE ETTERMIDDAGEN.

**DU ER HJARTELEG VELKOMMEN !**

### BILSETER FOR BARN

Bokn sanitetsforening har kjøpt inn bilsæter for barn 0-2 mnd. og 2-9 mnd. for utleige. Utleigepris er 50 kroner for ein sesong for den minste typen, og 100 kroner for ein sesong for den største typen.

Ta kontakt med Ellen Nedrebø tlf. 04 74 85 02 viss du vil leiga sete.

## BOKN BYGDEBLAD

### UTGJEVAR:

Bokn kommune  
4290 BOKN  
Tlf. 04-748500  
Postgirokonto nr. 0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

### BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge  
Arvid K. Jøsang  
Liv Vatnaland

### REDAKTØR:

Reidar Alvestad

### ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.  
Utanbygds: kr.100,- pr. år.

### ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr.300

Halv side: kr.150

1/4 side: kr. 75

1/8 side: kr. 50

Små privatannonser: kr.10,-.

### FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.

Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

#### **ARRANGEMENT I MARS:**

- 10.03. Årsmøte Saniteten kl. 19.30 i Allrommet
- 13.03. Dramagruppa i Musikk-skulen har forest. på Bokn skule. Sjå omtale annan stad i bladet.
- 18.03. Hagelaget har arr. i Allrommet.
- 20.03. Dans på Bokn skule.  
Arr: Bokn Brass
- 27.03. Røde Kors Basar på Bokn skule kl. 14.00  
M.a. båt og bunad so gevinstar.
- 02.04. Handelslaget har årsmøte på Bokn skule.



#### **Gudsteneste:**

- 14.03: kl. 11.00 Høgmesse v/  
Bårdsen. Nattverd.  
Offer til Kr.russen.
- 04.04: Fam.gudsteneste v/  
Bårdsen. Løftefornyelse.  
Offer Haugaland krets av  
KFUK/KFUK.

#### **DISKOTEKET HAR ARRANGEMENT:**

- fred. 05.03.
- fred. 12.03. (karoke)
- lørd. 13.03. (karoke)
- fred. 19.03.
- fred. 26.03.
- lørd. 27.03.

#### **KYRKJEBYGD SUNDAGSSKULE**

- 21. mars kl. 14.00
- 28. mars kl. 14.00
- På Kyrkjebygd skule.

#### **FOTPLEIE**

Det vert fotpleie onsdag den 10. mars.  
Påmelding til sosialkontoret i tlf. 04 74 85 00

#### **HELSESTASJONEN**

er stengd tysdag 9.mars fra  
kl. 09.00 - kl.11.00.



#### **SØKNAD OM PLASS I BOKN BARNEHAGE**

Søknadsfristen for barnehageåret 1993/94 er sett til 15. mars 1993.

Søknadsskjema får ein i barnehagen eller på skulekontoret.

Skulesjefen.